

Skulestruktursaka - Innspel frå FAU v/Høydalsmo skule

FAU ved Høydalsmo skule ynskjer å kome med nokre innspel til skulestruktursaka som er i gong i Tokke kommune, og me stiller oss positive til at elevane sitt læringsmiljø og sosiale miljø vert vurdert. Me håpar på ei framtidretta løysing som gjev alle borna i Tokke kommune eit best mogleg tilbod.

Det er sjølvstøtt punkt 3a i vedtaket som opptek oss mest, då me meiner det er rett å framleis ha eit ungdomsskuletilbod i Høydalsmo.

Me håpar at fleir med oss har tru på at både Høydalsmo og Lårdal er bygder i utvikling, og at mange ynskjer å flytte hit for å jobbe og bu. Dersom dette skal vere aktuelt så trur me at tilbod om ungdomsskule vil vere ein av dei avgjerande kriteria for at dei vel å busette seg her. Ein ungdomsskule er med på å skape sosiale møteplassar også på fritida, og dette trur me er av større betydning i ungdomsskulen en det er i barneskulen.

Fotball, korps, ski osv. er møteplassar utanfor skuletida, og dersom det skal vere liv laga for desse aktivitetane i framtida så bør det vere lik møteplass for dei som også soknar til same ungdomsskule. Sosial aktivitet og møteplassar på fritida er av stor betydning for miljøet på skulen. Det fell seg då ikkje naturleg for ein elev i Høydalsmo, kanskje på grensa til Vinje eller Kviteseid å reise til Dalen. Då vel dei heller å delta på aktivitetane i Åmot eller Kviteseid som ligg nærare i reisetid.

I dag er trivselen ved Høydalsmo skule høg blant elevane, og dette trur me foreldre er med på å skape gode resultat. Det at du allereie som 1. klassing kan vere med "dei store" i ungdomsskulen å spele fotball i friminutta skaper ein tryggleik som gjer overgangen til ungdomsskulen umerkbar. Høydalsmo skule er ein liten skule og det er med på å gjere det enkelt å samle heile skulen til aktivitetsdag ved skulestart om hausten, felles skidag og songsamlingar. Dette er aktivitetar som er med på å skape tryggleik mellom alle elevane, og FAU jobbar nå med å få til felles avslutning om våren også.

Me opplever at skulane i Lårdal og Høydalsmo har eit bra samarbeid i forhold til overgangen til ungdomsskulen. At aktiviteten på kveldstid er med å skapar gode relasjonar fleire år i førevegen er nok også er ein viktig faktor for suksess trur me.

Foreldra ved Høydalsmo skule meiner også at det bør vektleggast at det rett utanfor klasserommet er eit Eldorado for fysisk aktivitet. Dette er ein viktig del av elevane sin kvardag, og her har dei fotballbane, skiløyper som startar på skuleområdet, sandvolleyballbane, osv. I tillegg har skulen i fleire år hatt Oftevatn-prosjekt kor dei fylgjer med på vatn- og fiskekvaliteten, noko som også alle alderstrinn deltek i.

Me avsluttar med skulen sin visjon ***Dine draumar, di framtid – vår felles utfordring*** og håpar at ungdomsskulen vår får livets rett også etter at skulestruktursaka er avslutta.

Høydalsmo, 5.juli 2010

FAU v/Høydalsmo skule

Mette Lillegård, Laila Veslestaul, Mona Kaldråstøyl, Jens Jacob Bleikelia og Wenche T. Trovatn